



Jon Magne Gabrielli
Øvre Soltveit 11
5939 SLETTA

Referansar:
Dykkar:
Vår: 18/1400 - 18/13405

Saksbehandlar:
Stine Pedersen Sylta
stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:
11.09.2018

Referat og praktisk informasjon etter møte i TV-aksjonskomiteen 10.09.2018

Tilstades:

Ludvig Grindheim, Tore Villanger, Torill Helland, Jostein Borlaug og Stine Pedersen Sylta

Forfall:

Jon Magne Gabrielli (får tilsendt rodelister og referat på epost og materiell med informasjon om årets tv-aksjon samt t-skjorte i posten).

Alle rodeleiarane fekk utdelt rodelister for sitt område og tilhøyrande informasjon om årets TV-aksjon samt kvar si t-skjorte. Me gjekk gjennom rodelistene og vart einig om at rodeleiarane redigerer listene etter kvart som dei får bøsseberarar og sender dei i retur til meg. Frist for å senda i retur listene er så tidleg som mogleg i veke 40 (01.10 - 05.10.2018). Når desse er kome i retur finst eg dei og sender dei ut til rodeleiarane og bøsseberarane saman med praktisk informasjon kring årets TV-aksjon.

Stine hengjer opp plakat på Bunnpris i Bøvågen og på Sletta, mens Jostein hengjer opp plakat på Coop Manger og Bunnpris Austmarka.

Årets TV-aksjon: «Mindre alene sammen»

TV-aksjonen 2018 skal gå til kirkens bymisjon og deira arbeid for å skapa 700 000 nye møter slik at fleire menneske får eit sårt trengt og livsviktig fellesskap.

Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon består i år av:

Jostein Borlaug (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, Jon Magne Gabrielli, Torill Helland og Stine Pedersen Sylta (koordinator og materiellansvarleg).

Praktisk informasjon til rodeleiarane:

Bøssene kan hentast på Radøy rådhus/kommunestyresalen torsdag 18. oktober kl 14.00-15.30 eller fredag 19. oktober kl 12.00-16.30.

Sjølve innsamlinga startar søndag 21. oktober kl 15.00.

ID-kort til bøsseberarane og meldingslappar til å hengje på dørene om folk ikkje er heime vert utlevert saman med bøssene.

Bøssene leverast på Radøy rådhus frå kl 17.00 og må leverast innan kl 18.00 denne dagen.

Eg kjem til å vere på rådhuset frå ca kl 16.30 for å ta imot bøssene, Jostein kjem så snart han er klar med sine bøsser. Så kjører me dei til Sparebanken Vest avd. Knarvik for telling.

Om det skulle vere noko de lurar på, ta kontakt med meg enten på tlf 56349013, mobil 94197500 eller på epost stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Eg ønskjer dykk lukka til med TV-aksjonen 2018 ☺

Med helsing

Stine Pedersen Sylta
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

AUSTEBYGD Jon Magne
BØVÅGEN Tore
MANGER 1 Jostein
MANGER 2 Torill
SÆBØVÅGEN Jostein
TVEITEN-VÅGENES Ludvig

Mottakarar:

Jon Magne Gabrielli	Øvre Soltveit 11	5939	SLETTA
Jostein Borlaug			
Ludvig Grindheim	Vågenesvegen 100A	5936	MANGER
Tore Villanger	Rossnesvegen 402	5937	BØVÅGEN
Torill Helland	Sætrevegen 231	5936	MANGER